



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 7.800. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimeisig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Assistent i skule og SFO - 55% fast og 70% vikariat

Stillingsinformasjon

Det er frå 01.11.2016 ledig 55% fast stilling og 70% vikariat som assistent i skule-tid og SFO-tid ved Grasdal skule. Vikariatet på 70% er ledig til 01.10.2017.

Arbeidsplass

Grasdal skule er ein skule med ca. 143 elevar (1.-7.trinn). 74 elevar er knytt til SFO kvar dag. Skulen vår ligg fint til i natur-og skogsområder i Austebygd i Meland kommune.

Skulen er ein Zero-skule, og arbeider aktivt for eit betre læringsmiljø.

Arbeidsoppgåver

- Følgje opp elevar med spesielle behov
- Tilrettelegge for aktivitetar, leik og måltid
- Hjelpje barna til positiv samhandling og trivsel

Kvalifikasjonskrav

Det er ynskjeleg med

- Fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar
- Erfaring med barne- og ungdomsarbeid

Vi tilbyr

Eit inkluderande arbeidsmiljø.

Spennande arbeidsplass med engasjerte og dyktige kollegaer.

Ansvarsfull og utfordrande stilling med moglegeheit for fagleg og personleg utvikling.

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

Søknad vert å sende

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetjing og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknadsfrist 10.11.2016

Utlyst dato 18.10.2016

Vårref

604/16

Kontaktperson

Irene Hystad Hugaas, Rektor, tlf: 56175702, mobil: 934 99 892, irene.hystad.hugaas@meland.kommune.no